



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310, 5020 Bergen

Bergen, 1.3.2013

Høyringsuttale om Berge landskapsvernområde

Naturvernforbundet Hordaland er i hovudsak positive til forslaget til forvaltningsplan for Berge landskapsvernområde. Stekka og området rundt er eit særst verdfullt område i midtre Hardanger som fortener ei kvalifisert forvaltning. Eikeskogen, kulturlandskapet og strandlinja har høg nasjonal verdi, dette bør gå fram av forvaltningsplanen. Det er ein grundig plan som Fylkesmannen i Hordaland her presenterer. Planen omtalar det biologiske mangfaldet i området med ekstra fokus på tilstanden til dei gamle eikene. Rapporten er lett leseleg og dokumentasjonen på kvart eiketree fungerer bra og forsterkar inntrykket av eit svært verdfullt område.

Forvaltningsmåla til Fylkesmannen:

«Forvaltninga av området skal ha eit langsiktig, berekraftig perspektiv, og området skal forvaltast slik at både naturverdiar og verdiar knytt til kulturhistorie og landskap vert ivareteke og sikra for framtida.

- *Det må takast omsyn til at det vert drive kommersielt landbruk innanfor verneverdområdet, og at oppretthalding av landbruksaktivitetane er ein stor føremon for at verneverdiane skal kunne ivaretakast.*
- *Kunnskap om verneverdiar i området skal sikrast og gjerast tilgjengeleg for ålmenta.*
- *Utvexling av informasjon og kontakt mellom grunneigarar, kommune, Statens naturoppsyn og fylkesmannen skal vere god og kontinuerleg.»*

Kommentar:

Omsynet til kommersielt landbruk bør ikkje vera med under forvaltningsmåla, og dette punktet bør difor strykast. Stekka representerar eit eineståande kulturlandskap frå ei svunnen tid. Det moderne «kommersielle landbruket» er ikkje enkelt å kombinera med optimal kulturlandskapspleie, som eit slikt område bør få. Dette kjem også fram fleire gonger i rapporten. Samarbeid og kommunikasjon er viktig for at landbruk og berekraftig landskapsforvaltning skal fungera i lag. I staden bør grunneigarar få kulturlandskapsstøtte til å skjøtta området i samsvar med gamle tradisjonar. Dette er og i samsvar med hovudforvaltningsmålet. Det er ikkje lett for oss å sjå korleis kommersielt landbruk kan vera ein ”stor føremon” for verneverdiane.

Tilrettelegging for ferdsel og informasjon.

«Kunnskap om verneverdiar i området skal sikrast og gjerast tilgjengeleg for ålmenta.»

Dette er ei oppgåve der det er rom for forbetringar i planen. Det er i dag lite tilgjengeleg informasjon om Stekka, både lokalt og regionalt. Det er inga skilting ned til området frå riksvegen og skulane har nesten aldri ekskursionar eller feltarbeid her.



Men Stekka ligg sentralt til i Tørvikbygd og i Kvam, og med enkle verkemiddel kan området nyttast i undervisninga frå barnehage til universitetsnivå. Ein «pedagogisk pakke» kan innehalda to eller tre turstiar med info-stopp og valet av tema er nesten uavgrensa, for i Stekka finn vi veldig mye spennande! Kanskje FM kan laga eit digitalt prøveprosjekt med skulane? Her ligg det til rettes for eit prosjekt innanfor Den Naturlige Skolesekken, eit tema som Naturvernforbundet Hordaland har fått støtte til gjennom sitt program ”Verdiar i vatn”.

Stekka er eit av svært få område i midtre og indre Hardanger der ein kan rusla langs stranda og oppleve naturen og gamle kulturminne. Området har få topografiske utfordringar, men er likevel spennande. Her er det ro til ettertanke og historiske dimensjonar som bør takast vare på for ettertida.

Bading, fiske, sopp- og bær sanking er viktige aktivitetar for alle aldersgrupper i Stekka og området inn forbi ved Austmannaholmen. I dag er det ikkje tilrettelagt for overnatting eller bål-brenning men ein ser spor etter dette på fleire svaberg. Kanskje ein enkel tilrettelagt bål plass med ”gapahuk” kan hindra utviklinga av fleire bål plassar? Dersom grunneigarar har behov for fleire gjerde, må det vera godt tilrettelagd med grunder slik at ålmenta kan ferdast fritt og ha ei kjensle av å vere velkomen. Ei «privatisering» av området er sær negativt. Dette gjeld og for det kulturhistoriske naust- og bygningsmiljøet i Stekka. Når du passerar den gamle oppgangssaga og ser bygningsmassen i vika, er det naturleg å gå ned til fjorden. Her trengs meir informasjon om bygningane og aktiviteten i gamle dagar. Informasjonstavler er ein «invitasjon» til å finna ut meir, og opnar området for besøkjande og turistar. Oppføring av nybygg, som bryt med den gamle byggestilen, må ikkje vera lovleg.

Parkering av bilar eller bussar er ikkje enkelt i Stekka. Forvaltningsplanen bør ha med eit forslag til eit område som kan grusast og diskret fungera som P-plass for 6-8 bilar

S 49 under brukarinteresser:

«All informasjon, skilt, trykksaker og liknande skal godkjennast av grunneigarane.»

Det vil vere naturleg med ein dialog med grunneigarar og andre om ny informasjon. Men Naturvernforbundet Hordaland meiner at FM kan lage ny informasjonsmateriell utan å innhenta godkjenning frå grunneigarane. Målet er å ta vare på området og eikene, men og å få folk til å bruka området.

Austmannaholmen

Ved besøk i Stekka og under vandring i landskapet er det naturleg å søkja seg vidare inn- og nordover til området ved Austmannaholmen. Denne fine vika er mykje brukt til bading og fiske og høyrer naturleg til Stekka. Naturvernforbundet Hordaland meiner området bør få same status som Stekka og regulerast om til ein del av landskapsvernområdet.

Gartneridrift

I dag vert det dagleg tippa gartneriavfall langs riksvegen rett utanfor verneområdet. Avfallet er ei viktig årsak til sterkt aukande eutrofiering av Bergsvatnet. Både

Naturvernforbundet, enkeltpersonar og Kvam herad har peika på dette problemet fleire gonger dei siste 10-15 åra, men deponeringa held berre fram. Frå eit forvaltningssynspunkt er det uforsvarleg med ein forureinande fylling rett ved vatnet. Forvaltningsplanen bør ha som mål og få avvikla dette deponiet innan 3 år.

Med venleg helsing
For Naturvernforbundet Hordaland

Signe Sandberg
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar